

200707950-11
K1/KHA

Møre og Romsdal fylke



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	03.06.2009	FE: 2009/657/LAKR/561	Lars Kringstad, 71258450	16.08.2009

Halsa kommune.
Engdal Kraft SUS - bygging av Øvre Engdal kraftverk.
Fråsegn til søknad om konsesjon.

Møre og Romsdal fylke har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

- Engdal Kraft SUS vil utnytte fallet i Engdalselva med eit inntak på kote 260 og kraftstasjon på kote 105. Vidare vil ein overføre Tverrbekken frå kote 263 med ein overføringsleidning på 280 m til hovudinntaket.
- Maksimal slukeevne er på 1200 l/s. Dette er 200% av middelvassføringa på 600 l/s. Minimum slukeevne er på 120 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 44 l/s (hovudalternativet)
- Det er planlagt minstevassføring på 39 l/s i sommarhalvåret.
- Vassvegen frå hovudinntak blir om lag 1250 m som skal gravast ned. Diameter 800 mm.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 4,4 GWh med installert effekt på 1,4 MW.
- Utan overføring av Tverrbekken vil midlare årsproduksjon ligge på 3,6 GWh

Automatisk freda kulturminne

Grunna potensiale for ikkje kjende automatisk freda kulturminne varslar kulturavdelinga krav om arkeologisk registrering i samband med søknaden. Det er naudsynt å vurdere området for kulturminne knytt til skog og utmark, så særleg produksjonsanlegg for jarn, kol og tjøre. Slike kulturminne kan i seg sjølv indikere at andre typar kulturminnar finst i nærleiken. Enkeltfunn av for eksempel kolgroper indikerer at det ligg jarnutvinningsanlegg i nærleiken osv. Vi ser ikkje dette som noko omfattande registrering, men at det meste kan gjerast innfor 1 – 3 dagsverk og med ei øvre kostnadsramme på ca. kr. 15 000,-. Jf. kulturminnelova § 10 må tiltakshavar dekkje kostnadane ved slik registrering.

Natur- og miljøvern

Biologisk mangfald

Vi har ikkje vesentlege merknader til biologisk mangfald rapporten og dei konklusjonane som er gjort der. Det er positivt at rapporten bygger på granskingar av både karplanter, lav, moser og sopp kombinert med identifisering av naturtypar. Vi kjenner heller ikkje til registrerte naturverdiar ut over det som er omtalt i denne rapporten.

Sjøelve vasstrengen er ikkje nærare undersøkt. Vasstrengen har kvalitetar som gjer den verdfull for artsmangfaldet, noko som også biologisk mangfald rapporten påpeikar. Det er

derfor viktig å sikre ei heilårleg minstevassføring i vassdraget. I søknaden legg ein opp til minstevassføring kun i sommarhalvåret. I ein situasjon der fleire og fleire småvassdrag blir utbygde utan at vi har fullt oversyn over kva konsekvensar dette har for det biologiske mangfaldet, må "føre var prinsippet" leggjast til grunn når ein vurderer trongen for minstevassføring. For å sikre eit minimum av økologisk driftsvassføring i vassdraget gjennom heile året rår vi til at det blir sett krav til minstevassføring også om vinteren. Minstevassføringa kan eventuelt differensierast slik at den følgjer dei naturlege årsvariasjonane i vassdraget.

Landskap og friluftsliv

Søknaden viser til at til inntaket er "eksisterende traktorveg planlagt opprustet ca. 600 m". Etter det vi kan sjå er ikkje denne vegen kartfesta og traktorvegen kan heller ikkje sjåast på flyfoto. Ein slik veg vil passere setra og ei eksisterande hytte og krysse Tverrbekken. Kva for landskapsmessige konsekvensar denne vil ha er derfor ikkje mogleg å vurdere ut frå det tilsendte materialet.

Inntaket i Tverrbekken vil skje i midt i eit parti av bekken der den går i fleire små fossefall. Reint landskapsmessig synest plasseringa av inntaket uheldig og burde vore flytta nokre meter lenger ned til der den nærliggande hytta har sitt vassinntak. Om dette let seg gjere praktisk har vi ikkje sett nærare på, i forhold til trasè for overføringsrøyr og høgdeforskjell mellom inntak i bekken og hovudinntak.

Etter avslutta anleggsarbeid vil dei landskapsmessige konsekvensane elles vere relativt små. Når det gjeld friluftslivsinteressene er desse etter det vi kjenner til av hovudsakleg lokal karakter, der området er mest nytta av lokalbefolkninga og nokre hyttebuarar.

Fisk

Vi kan ikkje sjå at det vil vere naudsynt med særskilt behandling etter laks- og innlandsfisklova.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon


Vi viser til merknadene over og ber om at ein tar omsyn til desse i den vidare konsesjonsbehandlinga. Vi vil særleg presisere at det må setjast krav til heilårleg minstevassføring.

Vi varslar vidare krav om arkeologisk registrering i tiltaksområdet og ber om at ein tar kontakt med saksbehandlar for kulturminne for nærare å avtale ei slik registrering.

Med helsing



Jon Ivar Eikeland
Seksjonssjef



Lars Kringstad
Overingeniør

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Ragnar Orten Lie, tlf. 71258840

Kopi:
Halsa kommune